

RETTSLÆRE

Formål

Lov og rett er ein av byggjesteinane i eit demokratisk samfunn. Kjennskap til lover og reglar er difor viktig både for den einskilde og for samfunnet. Lovverket i dag byggjer både på eldre norsk og europeisk rett. Lov og rett i Noreg heng òg saman med utviklinga i ei internasjonal verd. Rettslære skal gje innsikt i korleis det internasjonale rettsamfunnet fungerer.

Rettslære skal gje kunnskap om og forståing for rettsreglane slik dei er nedfelte i lover, føresegner og sedvanerett og syne korleis lovverket er ein del av kulturarven og det demokratiske systemet samfunnet er bygt på. Faget skal gje kunnskap om den rettslege stillinga den samiske folkegruppa har som urfolk i Noreg. Det skal òg gje innsikt i det internasjonale rettssystemet. Å utvikle kompetanse om korleis lover og reglar regulerer rettstilhøva mellom individ, mellom individ og samfunn og mellom statar, er sentralt i faget.

Rettslære skal utvikle evna til å tolke og bruke lovene både privat og i yrkeslivet og stimulere til refleksjon og kritisk tenking. Eitt føremål er å gjere eleven medviten om dei verdiane som er grunnleggjande i eit demokrati og fremje engasjement og interesse for å vere aktivt med i samfunnsutviklinga.

Rettslære skal bidra til at ein kan sjå ei sak frå fleire sider, skilje mellom rett og rettferd og reflektere over om lovene er juridisk og etisk gode. Opplæringa i faget skal vekkje interesse for juridiske spørsmål. Bruk av juridisk metode skal setje eleven betre i stand til å vurdere og løyse juridiske problem og konfliktrar.

Å bruke rettsreglane vil seie å finne fram i lovverket, tolke det, utøve rettsleg skjønn og vurdere korleis rettsspørsmål kan avgjerast. Opplæringa i rettslære skal leggjast til rette slik at arbeidet med lærestoffet blir knytt til praktiske oppgåver, og slik at elevane får trening i å bruke rettsreglane for å løyse dei praktiske oppgåvene.

Rettslære 1

Timer: 140 timer/år

Karakter: Elevene skal ha standpunktkarakter

Eksamen: Elevene kan trekkes ut til muntlig eksamen

Hovedområder

Metodelære

Hovedområdet metodelære omfattar sentrale faglege omgrep, etikk og rettshistorie, lovtolkning og juridisk metode som grunnlag for å løyse juridiske problemstillingar.

Familierett

Hovedområdet familierett handlar om samlivsformer, med vekt på reglar om samliv og skilsmisse i ekteskapslova. Familierett omfattar reglane i barnelova om tilhøvet mellom

foreldre og barn, reglane om rettar som barn har, reglane i verjemålslova om den rettslege handleevna til barn og FNs barnekonvensjon.

Arverett

Hovudområdet arverett handlar om reglane i arvelova om arv etter lova og etter testament. Det handlar òg om samisk rettsoppfatning på dette området. Retten til uskifte og stillinga til sambuar og registrert partner ved arveoppgjer høyrer òg med til dette hovudområdet.

Arbeidsrett og likestilling

Hovudområdet arbeidsrett og likestilling handlar om rettar og plikter som arbeidstakaren og arbeidsgjevaren har, med vekt på arbeidsmiljølova. Det omfattar òg dei sentrale reglane i samband med tilsetjing og oppseiing, ferielova, likestillingslova og diskrimineringslova.

Strafferett

Hovudområdet strafferett handlar om allmenne reglar i straffelova, vilkår for straff og spesielle reglar om tjuveri, underslag, nasking, lekamskrenking og drap. I tillegg handlar hovudområdet om vegtrafikklova. Reaksjonssystemet og kriminologi høyrer òg med i dette hovudområdet.

Rettgangssordninga

Hovudområdet rettgangssordninga handlar om korleis rettstryggleiken er teken vare på gjennom domstolsordninga og dei viktigaste internasjonale domstolane.

Rettslære 2

Timer: 140 timer/år

Karakter: Elevene skal ha standpunktkarakter

Eksamen: Elevene kan trekkes ut til skriftlig eller muntlig eksamen

Hovedområder

Metodelære

Hovudområdet metodelære omfattar sentrale faglege omgrep, etikk og rettshistorielovtolking og juridisk metode som grunnlag for å løyse juridiske problemstillingar.

Erstatningsrett

Hovudområdet erstatningsrett handlar om både lovfeste reglar (skadeserstatningslova og bilansvarslova) og ulovfeste reglar om subjektivt og objektivt ansvar i samband med skadar. Ansvar til barn, foreldre og arbeidsgjevarar er eit sentralt tema.

Menneskerettar

Hovudområdet menneskerettar dreier seg om sentrale konvensjonar og traktatar om menneskerettar, mellom anna Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Hovudområdet handlar òg om reglane for personvern.

Avtalerett

Hovudområdet avtalerett omfattar hovudprinsippa i avtaleretten, reglane om inngåing av avtalar, fullmaktslære, ugildskap og prinsippa for utfylling og tolking av avtalar.

Kjøpsrett og forbrukarrett

Hovudområdet kjøpsrett og forbrukarrett handlar om rettar og plikter som kjøparen og seljaren har etter kjøpslova, forbrukarkjøpslova og angrerettslova. Forbrukartvistlova og marknadsføringslova er og viktige tema.

Forvaltingsrett

Hovudområdet forvaltingsrett dreier seg om korleis forvaltinga er organisert. Reglane i forvaltingslova om gildskap og saksbehandling er sentrale. Hovudområdet handlar òg om offentleglova og sentrale føresegner i miljøretten.